

Kort om konfirmasjon

- Alle kan delta i konfirmasjonstida.
- Opplegget går over åtte månader.
- Høgdepunktet er konfirmasjonsdagen.
- Dei fleste blir konfirmerte det året dei går i 9. klasse.
- Det finst mange grunnar til å velja konfirmasjon i kyrkja, blant dei er tradisjon, utforske tru og meininga med livet- og leiren vår!
- Du får reflektera og tenkja kritisk.
- Du lærer om kristen tru, men også andre tema.
- Det einaste kravet for å bli konfirmert er å vere døypt, og det kan du bli i løpet av året.

Kontakt oss gjerne:


Kateket vikar: 99089285

juliehaaberg@hotmail.com

Kyrkjekontoret: 47483120

post.kvam@kyrkja.no

**Helsing oss i
Den norske kyrkja i Kvam**



Denne brosjyren vert sendt til kyrkja sine medlemmer fødde i 2011. QR-koden fører til påmeldingsskjemaet.

No
er det
din tur!

KONF
IRM
AN
20 ✦ 26



DEN NORSKE KYRKJA
KVAM



Velkomen som KONFIRMANT i Kvam!

**Neste år kan du feira konfirmasjonsdagen din i kyrkja.
I konfirmasjonstida får du læra meir om GUD og DEG sjølv.
Du kan gle deg til å bli ein del av eit fellesskap.**

Kva er konfirmasjon?

Ordet konfirmasjon kan bety både «å stadfeste» og «å gjere sterk». Eit høgdepunkt i konfirmasjonsgudstenesta er når det vert bede ei bøn for deg. Vi ber om at Gud velsignar deg, og at Gud styrkjer deg på vegen vidare i livet. Konfirmasjonsdagen er ein skikkeleg festdag, som du kan gle deg til! Her blir alle som er konfirmantar feira i kyrkja. Konfirmasjonen er ei påminning om at Gud i dåpen sa ja til å vera ein del av livet ditt.

Konfirmasjon er for ALLE

Alle er velkomne til konfirmasjonstid i kyrkja – både du som trur, tvilar, er usikker, ikkje trur, ikkje har tenkt på sånt før eller er nysgjerrig. Alle menneske er ulike, og treng ulike tilpassingar. Uansett funksjonsevne har du rett til ei god konfirmanttid. Har du behov for individuell tilrettelegging, er det berre å ta kontakt med kyrkja. Send epost til juliehaaberg@hotmail.com. Døvekyrkjene har eigne tilbod med undervisning på teiknspråk for deg som er døv/høyrselshemma. Sjå meir info på dovekirken.no.



Kva gjer vi?

Opplegget går over 8 månader.

- Vekesamlingar
- Valfrie aktiviteter
- Gudstenester
- Innsamlingsaksjon
- Konfirmantleir

Konfirmantleir konfACTION Vest 2026 21.02-24.02 på Framnes VGS. Leir med gode opplevingar saman med vener og fleire leiarar. Meir info om kva vi gjer i konfirmanttida og semesterplan kjem på kyrkja si nettside.

Kven kan bli konfirmert?

Alle kan bli konfirmant i kyrkja! Det einaste kravet er at du er døypt innan konfirmasjonsdagen.

Om du ikkje er døypt frå før, er det ikkje noko problem. Over tusen ungdomar vert døypt kvart år i forkant av konfirmasjonen. Du får god informasjon på førehand.

Kyrkja er eit mangfaldig fellesskap, og vi ønskjer at alle skal få ei god konfirmasjonstid.

I påmeldingsskjemaet kan de gje informasjon som er nyttig for at konfirmanten skal få best mogeleg utbyte av konfirmanttida.

Påmelding på kyrkja.no/kvam (under fana "Konfirmasjon")

Påmelding opnar: mandag 19. mai 2025

Fristen for påmelding: 30. juni 2025

Ynskjer de spesiell tilrettelegging, ynskjer vi også informasjon om dette tidleg.